



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

## ÅRSMELDING 2022 for Ikornnes Sokneråd

### Vi har hatt følgende medlemmer:

|                 |                                         |
|-----------------|-----------------------------------------|
| Magnar Vigstad  | leiar                                   |
| Janita K Eikemo | nestleiar + ansvarleg for Fasteaksjonen |
| Anita Øvergård  | referent                                |

### Øvrige rådsmedlemmer:

|                   |                                               |
|-------------------|-----------------------------------------------|
| Ellen B Vatne     | representant i Sykkylven Kyrkjelege fellesråd |
| Bergljot Hjortdal | representant i Sykkylven Kyrkjelege fellesråd |
| Ingmund Eliassen  |                                               |
| Knut Farstad      | frå 1. juni 2022                              |

### Varamedlemmer:

Stein Vedvik, Nora Talstad, Johanne Lade, Tone Djurhuus Langdal, Marius Flemsæter.

Av disse har Stein Vedvik møtt nokre gongar i løpet av året, samt at han også er i Diakoniutvalet.

### Aktivitatar:

Vi har hatt 9 ordinære soknerådsmøter samt ein dugnad på uteareala i mai.

Kyrkjedagane gjekk veldig bra for seg 4. – 6. mars. Fredagskonsert med Hundeidvik Blandakor og Trio m/band. Tombola og lett program på laurdagen, og så avslutta vi med «avskjedsgudsteneste» for Erlend Lunde søndagen – med fullsett kyrkje og ca 150 personar på kyrjekaffien etterpå.

Fasteaksjonen 05. april er gjennomført v/Janita K Eikemo, Marit Akslen og Torbjørn støylen..

Konfirmasjonar: 7. mai.

Magnar Vigstad deltok på strategisamling i Loen i august - saman med stab og soknerådsleiar frå Sykkylven.

Fjordcruise inn Hjørundfjorden i august, heilt fullbooka. Stein Vedvik var med som lokal guide med mykje kunnskap. Det var flott ver den dagen, og alle syntest dette var ei kjekk oppleving.

Soknemøtet vart gjennomført 23. oktober, etter å ha vore utsett nokre gonger frå juni...



# DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Seniormiddag i Sykkylven Kyrkje 30. oktober der Ikornnes Sokneråd var ansvarleg for pynting og servering. Ca 100 middagar vart servert, og det var kjekt program med song og allsong. Magnar Vigstad leia programmet, leiaren i Sykkylven sokneråd hadde eit innlegg. Ordfører Odd Jostein Drotninghaug hadde også ei helsing til seniorane, samt at han orienterte om «stoda» rundt om i kommunen. Veldig kjekk stund.

Fellesmøte med Sykkylven Sokneråd, stab og prost Svein Runde 1. november. Av saker kan nemnast: Kva er måla våre, og korleis jobbe for å nå ut til fleire folk? Gudstenestefrekvens mellom Sykkylven og Ikornnes. Kirkens Nødhjelp aksjon. Kjekt at vi kan møtest slik, og egentlig skulle vi kanskje ha møttest to gongar pr år og ikkje berre ein som vi har hatt tradisjon for...

Julekonsert i regi av Musikkskulen.

Julevandring for alle barnehagane v/Anna Myklebust og Rose Iren Stave.

Juletreff 5. juledag med svært godt oppmøte.

Vi har handsama 64 saker i 2022, alle møttereferata ligg på heimesida [www.sykkylven.kyrkja.no/om-oss/Sokneråda](http://www.sykkylven.kyrkja.no/om-oss/Sokneråda)

## Kor-arbeidet i kyrkja:

Jippi-koret har hatt faste øvingar i kyrkja etter skuletid. Det har vore mange på øvingane, men ved opptredener møter i snitt 7 – 8 stk. Rose Iren Stave har vore pianist/dirigent, og har også fått hjelp frå Lene Overvoll, Natalie Kanestrøm og Kathrin Notanes Riksheim. Dei har hatt 6 opptredener dette året.

Jippi-koret arrangerte også familieleir på Orreneset 25.-27. mai saman med Barnekoret super. Dette arrangementet var heilt fullbooka.

Rose Iren og Kathrin prøvde også å starte oppatt Ikornnes Gospelklubb i haust, som familiesamlingar. Dei hadde eit veldig godt opplegg, men dessverre var det for få frammøtte til at dei kunne forsvare arbeidsinnsatsen som var lagt i det. Malen ligg klar til å bli teken fram igjen om det blir ønske om det.

## Bemanning:

Det har vore endringar og utskiftingar i staben i 2022.

Runar Bårnes med ansvar for begge kyrkjene gjekk av med pensjon 29. april 2022.

Karl Johan Gjævenes tok over for (kyrkjetenar med driftsansvar) i 100% stilling frå 08. august 2022.

Simen Myklebust kom tilbake frå permisjon i mai.

Erlend Lunde fekk ny stilling i prostiet som døveprest, og tok til på utdanning innan dette.



# DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Knut Farstad er ny sokneprest her på Ikornnes, frå 1. juni 2022.

Kathrin Notanes Riksheim starta som trusopplærer i 100% stilling frå 01. august 2022, 1-års vikariat.

Vi har gjennom året hatt diverse vikarprestar.

Endringar i staben og behovet for vikarer har gått relativt fint, men har også vore ekstra krevjande for resterande stab. Dette har sjølvstakt påverka begge sokna.

## Økonomi:

Ved utgangen av 2022 har Ikornnes Sokneråd kr 689.345,- i diverse fond. Kollekt i gudstenester for 2022 er kr 67.701.- og tilskudd/gaver kr 26.869,--

## For øvrig:

I Ikornnes Kyrkje har det i 2022 vore 23 gudstenester, 5 dåpsborn, 15 konfirmantar.

Vi har søndagsskule i samband med gudstenestene. Det er frivillige som stiller opp og drifter dette, og her på Ikornnes er det Marit Lunde, Natalia A Leknes og Julianne Knardal som drifter.

27. mars var det utdeling av 6-års bok i gudstenesta.

13. november var det utdeling av bibel til 11-åringane. Konfirmantar hjelpte presten med dette.

Konfirmantarbeidet var i starten av 2022 leia av Erlend Lunde. Og konfirmasjonen på Ikornnes var laurdag 7. mai.

Når sokneprest Simen Myklebust var tilbake i jobb etter permisjon, og Knut Farstad og Kathrin N Riksheim starta i jobb, vart det gjort eit vedtak om å starte noko nytt. Staben laga nytt opplegg som skal vere meir berekraftig og meir direkte retta på å oppnå måla om at konfirmantane skal vekse i tru, og at dei skal bli verande i kyrkjelydsarbeidet etter konfirmantåret. Det vart arrangert konfirmantleir, samt bibelstudiesamlinger i kyrkja. Konfirmantane får opplæring i korleis dei sjølv kan lese bibelen og får mindre undervisning enn før. Konfirmantane har også delteke på fredagsklubb, aktivitetsklubb, forbereding til Allehelgensdag, Lys Vaken, samt utdeling av biblar til 11-åringane.

Alternativt tilbod til julegudsteneste for barnehageborn: Julevandring i kyrkja.

Scener frå juleevangeliet på ulike stasjonar. Formidlinga var ein kombinasjon av rollespel, forteljning og at borna sjølve fell delta aktivt i forteljninga. Kantor Rose Iren Stave var den flottaste engelen ein kan tenkje seg.

Tysdagstreffet er også eit populært tiltak, annankvar tysdag i kyrkjekjellaren.

I gudstenesta 2. juledag deltok Hundeidvik Blandakor – tradisjonen tru.



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

### Vegen vidare:

Det er soknerådsval september 2023, og det blir spennande å sjå kor enkelt det blir å skaffe nye medlemmer som vil stå på val til soknerådet.

Elles har prest Knut Farstad mange idear som han har lyst til å prøve ut for å skape meir engasjement rundt kyrkja. Det er ikkje til å nekte for at det ikkje er full kyrkje til kvar gudsteneste. Nokre forskarar meiner at vanane kan ha blitt endra gjennom pandemien, og også andre deler av samfunnet melder om lavare besøkstal. Kyrkja si utfordring er mellom anna å vere meir synleg gjennom sosiale medier, samt å skape aktivitet som kan engasjere spesielt den yngre garde.

For Ikornnes sokneråd

---

Anita Øvergård – skrivar

---

Magnar Vigstad - leiar

